

# Ulvik Cittaslow



## Referat Cittaslowrådsmøte nr. 4-18

**Tid:** Tysdag, 22.5.2018, kl. 19:00-21.15

**Varighet:** 2t, 15 min

**Stad:** Heradstyresalen

Tilstades:

Ingrid Prestegard

Vibeke Korsnes

Anne Hjelmevoll

Stein Olav Kolaas

Geir Netland

Jenny Johnsen

(Natalia Golis-sekretær)

## Saksliste:

### 30/18 Godkjenning av innkalling og dagsorden og referat (V)

Referatet sendes ut etter møte og så ut på heimesida, det er likevel naudsynt å godkjenne referatet formelt kvart møte.

**Forlag til vedtak:** Godkjent

### 31/18 Avfallshandtering og sirkulær økonomi (V)

Presentasjon og orientering frå IHM ved Miljøkoordinator Øyvind Birkeland.

#### Stikkord frå presentasjonen:

Bakgrunn og kva IHM har ansvar for. Et interkommunalt selskap skal ta hand om kommunane sine lovpålagde oppgåver innan avfallsektoren.

Gjennomgang av alle milepæler i IHM sin utvikling:

**I 2017:** Tok hand om 22.900 tonn avfall. Av dette var 32% gjenvinning/ 38% energiutvinning (restavfall/ treverk) / 30% deponi (byggningsavfall som betong/ vegmasser/ tunge masser).

Avfall til gjenvinning- der over 39% er restavfall- der mykje av det kan vere plast/gjenvinnbar.

**Heime henting:** Det er mye meir potensiale til å samle inn glass og metall- viktig også siden det ikke er pant på dette lengre. 35% auke i sortering om det er henta privat. Det har også en positiv smitteeffekt.

Kompostering:

Fordeler: Fosfor går tilbake til kretsløpet/ Biologisk nedbryting er knytt til utslepp/ Kan knytast til biogassanlegg.

**Samla mengde avfall per pers:** Total 432kg per innbyggjar.

Husdyravfall og matavfall- skal prosjekterast i et framtidig biogassanlegg.

Kva kan IHM tilby:

1. Heimekompostering – tilskott på kr.1000 til innkjøp av utstyr
2. Tøybleier eingongsstønad på kr. 1000
3. Hushaldnings abonnement med høgare pris for henting av rest kvar 14.dag. Matavfall hentast kvar dag.
4. Grossist for papirposer for matavfall istedenfor bio-poser som viser seg å være mindre nedbrytbar med plast bestandeler.
5. Prøveprosjekt med tilskott til komposterings metode Bokashi som har god komposteringsresultat. Dette brukast innandørs da den kan ikkje vere lågare enn 15 gradar.

Avfallspyramiden

- Sirkeløkonomien: Avfall er bare ressurser på avveie. Sosial/ Miljø/Økonomi- Varig/ rettferdig/ berekraftig. Nasjonal målsettjing: Veksten i mengda avfall skal vere vesentleg lågare enn den økonomiske veksten, og ressursane i avfallet skal utnyttast bedre.
- IHM er nå inni en fase der de skal utarbeide nye langsiktige mål. Dei er kobla opp mot FN sine Berekraftsmål/ EU sin tiltakspakke for sirkeløkonomi/ nasjonal avfallspolitikk: *Avfall som ressurs- Stortingsmelding nr. 45*. Stikkord er: Visjonær/ berekraft/ målbart/ konkret.
- Kriteria for suksess for IHM: Samarbeid på tvers av sektor. Samanstilling av kommune/ næringsliv/ frivilligsektor m.fl.
- Samfunnsansvar for å jobbe med avfallsreduksjon samen med kommunane.
- Grøn omstilling og verdiskaping lokalt.
- Tenk unaturlege samarbeidspartnarar
- Hjelp til å gjennomføre Miljøfyrtårn sertifisering- kunne IHM drevet med rådgjevarverksemd?
- Redusere mengde avfall: kvart enkelt bosspann- kan bli målt? Slik det e nå kan næringsverksemdar målast.
- Metallinnsamling og sprøytemidler: Bør samlast inn på same dag som plast.
- Redusere matsvinn: Innføre ein app «*Too Good To GO*», der restaurant/ kafeer legger ut restene til en billig penge.
- For å sikre betre samarbeid mellom Ulvik og IHM vil vi starte med betre formidling av kva IHM kan tilby og kva område vi kan bruke kvarandre til å nå måla våre.
- Eiga kompostering i skule eller barnehage? Vettene- kan dei tas med i arbeidet til dette?
- Plastposefri-kommune- kva er alternativa til plast?

Vidare drøfting omkring korleis følgje opp punkter i Handlingsplan 2018 og politisk sak som skal opp i juni om korleis Ulvik herad kan innføre tiltak som redusera plastforureining og –forbruk innanfor både verksemda Ulvik herad og i Ulviksamfunnet.

**Vedtak:**

Rådet vil komme tilbake med eiga sak der vi konkretiserer vidare.

**32/18 Val til Cittaslowrådet 2018-2020 (V)**

Det skal veljast nye rådsmedlemmer for dei neste to år. Jamfør vedtak gjort i rådet så er rådet utvida og medlemmer er skissert slik som under. (Faste plasser er skrevet i **BOLD**) Dette er for å ivareta konkrete funksjoner i rådet, samstundes som det skal vere bred representasjon frå lag/ org./næringsliv/ kultur mm i heradet.

- **Slow Food Hardanger**
- **2 politisk valde** frå Ulvik heradstyre m/ personlig vara
- Ungdomsrepresentant frå **Ulvik Ungdomsråd**
- **Ulvik næringslag**
- **Reiseliv/ servicenæring**
- **Brakanes Skule**
- **Ulvik barnehage**
- **Kulturverksemd**
- Lag/ Organisasjon I
- Lag/ Organisasjon II

#### **Vedtak:**

1. Føljande medlemmer veljast til nytt Cittaslowrådet for 2018-2020
  - Slow Food Hardanger ved leiar Jorid Lekve Eide
  - 2 politisk valde frå Ulvik heradstyre *m/ personlig vara valt for valperioden 2015-2019*  
Ingvild Sygnestveit og Håkon Gjerde
  - Ulvik Ungdomsråd ved Jardar Vikør
  - Ulvik næringslag ved daglig leiar Vibeke Korsnes
  - Brakanes Hotel ved daglig leiar Ingrid Prestegard
  - Brakanes skule ved ass. rektor Anne Hjelmevoll
  - Ulvik barnehage (avklarast til neste møte)
  - Kulturverksemd Olav H. Haugesenteret ved daglig leiar Geir Neteland
  - Bondelaget ved Stein Olav Kolaas
  - XXX- avklarast til neste møte
2. Til leiar av rådet for 2018-2020 veljast:  
Nestleiar:  
**Utsatt** til neste møte
3. Vedtektene til rådet reviderast for å kunne vise til ny rådssamansetning og antall medlemmar.

### **33/18 Cittaslow Arrangement II og evaluering av arrangement på Syse Gard**

#### *Drøftingssak*

Cittaslowrådet tok initiativ til eit arrangement den 9.april for å vise fram lokale næringsdrivande og orientere om Cittaslow i heradet. Det var 23 stykkar som deltok og tilbakemeldingane var gode. Neste gong er det særst viktig med god og tidleg marknadsføring og mangfald i type verksemd presentert.

Neste ope møte blir i august- forslag er til dømes Arild Opheim både som sjølvstendig næringsdrivande og for å fortelje om prosjektet «Hardanger Panorama Lodge» satsinga og rundtur i området til andre næringsaktørar til dømes Stein Olav Kolaas, Jenny Johnsen, Torunn Ljone m.fl..

### **34/18 Orienteringar/ Drøfting (O)**

- Orientering om Årsmøte i Nordic Network og General Assembly i juni i Frankrike. Det nordiske Cittaslow skal fremja forslag om plastfri kommunar.
- Skulemusikken sin tur til venskapbyen Greve-in-Chianti- det vil bli annonsert på heimesida invitasjon til alle om å delta på felles reise
- Skulen skal freista komme tilbake til neste møte og sjå på blant anna korleis starte med meir kunnskap om lokalmat i skulen, uteskulen og SFO, jamfør handlingsplan.

### **35/18 Neste møte (V):**

Nr.5: Måndag 4. juni kl.16-18

Nr.6: Måndag 27. august kl. 19-21

Nr.7: Oktober

Nr.8: November

Nr. 9 Desember

### **36/18 Ymse**